

Risiko- og vesentlegvurdering



Vedlegg til Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024
Tysvær kommune

Juni 2020

www.kpmg.no

Innhald

1. Bakgrunn og formål	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Formål	1
1.3 Framgangsmåte og involvering	1
2. Oppsummerande risikovurdering	2
3. Kommunen sitt eigarskap	5
3.1 Selskap som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd	5
3.2 Andre selskap kor kommunen har eigarinteresser	12
4. Risiko- og vesentlegvurdering - av kommunen si verksemد	13
4.1 Operativ risiko	13
4.2 Regulatorisk risiko	15
4.3 Strategisk risiko	16
4.4 Forvaltningsrevisjon i selskap	17
5. Risiko- og vesentlegvurdering – av kommunen sitt eigarskap	19
5.1 Generell eigarstyring	19
5.2 Selskap identifisert for eigarskapskontroll	19
Vedlegg 1 Framgangsmåte og involvering	21
Teoretisk fundament	21
Prosess	22

1. Bakgrunn og formål

1.1 Bakgrunn

Etter kommuneloven § 23-3, andre ledd, skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan som viser kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar innanfor. Vidare går det fram av kommuneloven § 23-4, andre ledd, at kontrollutvalet også i løpet av valperioden skal utarbeide ein plan som viser kva eigarskapskontollar som skal gjennomførast. Planane skal utarbeidast seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert og skal baserast på risiko- og vesentlegvurderingar av kommunen si verksemd, kommunen sine selskap og kommunen sitt eigarskap.

Kontrollutvalet i Tysvær kommune bestilte i møtet 2.12.2019 ei risiko- og vesentlegvurdering frå KPMG som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, som skal gjelde i perioden 2020-2024.

1.2 Formål

Formålet med risiko- og vesentlegvurderinga er å identifisere kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i fireårsperioden 2020-2024.

KPMG har gjennomført ein analyse av risiko og vesentlegheit i Tysvær kommune. Denne analysen vil med andre ord presentere identifiserte område i den kommunale verksemda og i selskap som er knytt til kommunen, kor det er risiko for vesentlege avvik og kor alvorlege konsekvensane av desse avvika vil vere. Analysen dannar grunnlaget for kontrollutvalet si prioritering av område som kan vere gjenstand for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i planperioden og kontrollutvalet si innstilling til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Planane blir vedtatt i kommunestyret. Basert på planane vil kontrollutvalet få gjennomført enkeltståande forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontollar. Det er også ved bestilling av enkeltståande revisjonar at tema spissast og operasjonaliserast når det gjeld til kva og korleis revisjonen skal innrettast. Med andre ord, den overordna analysen identifiserer først og fremst område for forvaltningsrevisjon, medan ein ved bestillinga av enkeltståande prosjekt spissar og operasjonaliserer kva for tema som skal vere gjenstand for revisjon og kva problemstillingar revisjonen skal svara på.

1.3 Framgangsmåte og involvering

Vi har gjennomført ein prosess som har inkludert samspel med ulike deler av kommunen; administrasjon, hovedverneombod og politikarar frå høvesvis kontrollutval og kommunestyre.

Arbeidet har vore delt i tre hovudbolkar:

1. Kartlegge og forstå kommunen
2. Arbeidsmøte med kommunen for å etablere og verifikasi mulige områder for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
3. Dokumentere analysen

For nærmere skildring av framgangsmåten, sjå vedlegg 1.

2. Oppsummerande risikovurdering

I den følgjande tabellen oppsummerer vi dei identifiserte områda som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon, med tilhøyrande vurdert risiko i prioritert rekkefølge. I tabellen presenterer vi område/hendinga, aktuell eining og gjev ein oppsummerande skildring av området og identifisert hending. I kapitel 4 og 5 er det gjort ein meir detaljert skildring av område og tilhøyrande risiko.

I den ytste kolona er det gjort ei vurdering av risikoen, som eit produkt av sannsyn og konsekvens – i samsvar med figur 2, vedlegg 1. Grøn indikerer relativt låg risiko. Det er ingen hending som er vurdert til å vere grøn. Gul indikerer middels risiko. Risikoane som er definert som høge er markert raude.

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
Operativ risiko			
Beredskap; hendingar og katastrofar	Heile kommunen	Tysvær kommune er som følge av mellom anna geografi, ein sårbar kommune i høve å sikre beredskap i alle delar av kommunen.	Red
Reduksjon i framtidig inntektsgrunnlag	Heile kommunen	Tysvær er sårbar for endring i inntektsgrunnlaget. Endring i inntektsgrunnlaget vil ha særstak konsekvens for kommunen sin økonomi, derav også tenester. Dette er eit viktig fokusområde i heile kommunen, og kommunen har verksatt fleire tiltak.	Yellow
IKT-systema understøtter ikkje verksemda sine behov	Heile kommunen	Det er moglege manglar i heilskapen i Tysvær kommune sitt IKT arbeid. Risiko for at teknologien ikkje understøttar tenestane i tilstrekkelig grad og at det er mangefull kompetanse knytt til verktøya.	Yellow
Elevane - opplæring og skulemiljø	Oppvekst og kultur	Det er ein risiko for at elevane får ulik kvalitet i skulemiljø og opplæring, mellom anna knytt til kva skule dei går på.	Yellow
Morgondagens omsorgstenester	Helse og mestring	Omsorgstenestene i kommunen er i endring, det er ein risiko for at endringane ikkje i tilstrekkelig grad fangar opp behovet hos brukarane som ligg føre når det gjeld omfang og innhald.	Yellow
Barnevernet	Oppvekst og kultur	Eit ekspertutval har vurdert at det er mangefulle system og rutinar knytt til barnevernsarbeidet i	Yellow

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
		kommunen. Dette utgjer ein risiko for manglar ved tenestetilbodet til brukarane.	
Regulatorisk risiko			
Personvern og informasjonssikkerheit	Heile kommunen	I kommunal verksemd har personvern ein høg ibuande risiko, då dei handterer ei rekke sensitive opplysningar om sine innbyggjarar og tilsette.	
Kontraktsoppfølging	Heile kommunen	Kontraktsoppfølging er sentralt for å sikre tenester og leveransar i riktig omfang og til ret pris. Det er ein risiko for at kontraktsoppfølging ikkje vert prioritert i tilstrekkelig grad. Dette er både ein regulatorisk og økonomisk risiko.	
Samspelet mellom tilsette, administrasjon og folkevalde	Heile kommunen	Administrasjonen og dei folkevalde har ulike roller og ansvar i ein kommune, det ligg føre ein risiko for at ein ikkje alltid etterlever dei ulike rollene og ansvaret.	
Strategisk risiko			
Manglande kompetanse	Heile kommunen	Tenestebehov og ivaretaking av behovet endrar krav til både kompetanse og samansettinga av denne. Også Tysvær kommune opplever det som utfordrande å sikre seg riktig og tilstrekkeleg kompetanse. Dette utgjer ein risiko for mangelfulle tenester.	
Mangelfull måloppnåing knytt til miljø	Heile kommunen	I samfunnet er det eit tiltakande fokus på miljø og berekraftig verksemd. Mangelfult fokus på klima og miljø, kan innebere ein omdømerisiko for kommunen.	
Hensiktmessig målstyring	Heile kommunen	Kommunen gjennomfører endringar, prosjekt og strategiar fortløpande. Ein har i liten grad systematisert vurdering av effektar av tiltaka som vert verksett. Noko som medfører ein risiko for at ein vidarefører ikkje-treffande tiltak.	
Forvaltningsrevisjon i selskap			
Haugaland Brann IKS	Selskap	Selskapet utfører ein viktig samfunnsfunksjon på vegne av kommunen.	
Haugaland interkommunale miljøverk IKS	Selskap	Selskapet utfører ein viktig samfunnsfunksjon på vegne av kommunen. Det er ein ibuande risiko for ulovleg kryss-subsidiering i selskapet.	

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
Krisesenter Vest IKS	Selskap	Selskapet utfører ein viktig samfunnsfunksjon på vegne av kommunen.	
Eigarskapskontroll			
Generell eigarstyring	Selskap	Det kan vere ein risiko for at kommunen si eigarstyring ikkje er tilstrekkelig for å sikre god kontroll med verksemda som er sett ut i eigne selskap.	
Haugaland Kraft AS	Selskap	Formålet med eigarskapet i selskapet er langsiktig og finansielt, med målsetting om avkastning på investert kapital. Dette tilseier at kommunen bør ha ein løpende oppfølging av selskapet.	
Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS	Selskap	Eigarskapet er regional- og miljøpolitisk motivert, samstundes som ein søker å oppnå stordriftsfordelar gjennom samarbeidet.	
Haugaland Vekst IKS	Selskap	Selskapet har ein viktig samfunnsfunksjon i høve å driva felles nærings- og utviklingarbeid for eigarkommunane. Manglande oppfølging av selskapet kan påverke korleis kommunen sine interesser i høve næringsområdet på regionalt nivå vert utøvd.	
Friluftsrådet Vest	Samarbeidsråd	Kommunen opplever å ha liten informasjon om Friluftsrådet Vest.	

I plan for forvaltningsrevision og eigarskapskontroll går kontrollutvalet sine forslag til prioritering av prosjekt fram, basert på våre analyser og kommunen sine innspel.

3. Kommunen sitt eigarskap

I dette kapitelet gir vi ein oversikt over alle selskapa kommunen har eigarskap i. Irekna aksjeselskap, interkommunale selskap og kommunale oppgåvefellesskap.

Kommuneloven § 23-6 og § 24-10 omtalar innsynsretten til kontrollutvalet og revisor. Etter kommuneloven §23-6, første ledd, kan kontrollutvalet og revisor (jmf. §24-10) krevje opplysningar for å gjennomføre kontroll i følgjande type selskap:

- a) *interkommunale selskaper etter IKS-loven*
- b) *interkommunale politiske råd*
- c) *kommunale oppgavefellesskap*
- d) *aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer.*

Det går vidare fram kven opplysningar om selskapet kan krevjast frå og at kommunestyret kan fastsette reglar om kontrollutvalet sin kontroll med kommunen sine interesse i dei nemnte selskapa.

Kommuneloven § 23-6, femte ledd seier vidare at:

Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.

Sjølv om det vil vere selskapa som er omtala etter §23-6, første ledd, som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll har kontrollutvalet også innsynsrett ovanfor verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Dette kan for eksempel vere selskap som kommunen eig saman med private, heilt privateigde selskap og stiftelsar. Kontrollutvalet sin rett til innsyn og undersøkingar i selskap utover § 23-6, omfattar berre det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten vert oppfylt. Samstundes vil det vere naudsynt at kommunen har inngått ein avtale med dei aktuelle selskapa om rett til innsyn, for at kontrollutvalet og revisor kan krevja rett til kontroll¹.

Vi har i den vidare omtalen skilt mellom dei selskapa som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd, kor kontrollutvalet kan krevje dei opplysningsane som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll – det er desse selskapa som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I tillegg presenterer vi nøkkeltal frå andre selskap kor kommunen har eigarskap. I samsvar med kommuneloven §23-6, femte ledd kan kontrollutvalet også gjere undersøkingar i desse selskapa i høve om eventuelle kontraktar med kommunen vert oppfylt.

3.1 Selskap som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd

Her følgjer eit oversyn over dei interkommunale selskapa og aksjeselskapa som kontrollutvalet har innsynsrett i etter kommuneloven § 23-6, første ledd. Vi presenterer her formålet med selskapet,

¹ Tolkinsuttale frå kommunal- og moderniseringsdepartementet, [§ 23-6 : Innsyn og undersøkelser i selskaper o.l.](#), 2020.

kommunen sin eigardel og nøkkeltal i høve eigenkapitaldel², driftsinntekter og årsresultat for dei tre siste åra.

3.1.1 Haugaland Næringspark AS

Haugaland Næringspark AS			
Selskapsform	AS		
Stiftelsesår	2001		
Formål	<p>Formålet er definert i vedtekten: «Selskapets formål er utvikling og salg av 5.000 dekar regulert næringsareal og tilhørende havn lokalisert på Gismarvik i Tysvær kommune, primært for energi- og arealkrevende industri og næringsvirksomhet. Selskapets eiendomsvirksomhet skal bidra til å sikre eksisterende og etablere nye arbeidsplasser, ved å tilrettelegge for næringssynergier i hele regionen. Herunder kunne delta i foretak som driver tilsvarende virksomhet i regionen».</p> <p>Selskapet blir eigmeld saman med Karmøy, Haugesund, Vindafjord og Bokn kommune.</p>		
Kommunen sin eigardel	10,85 %		
Tilsette	2		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitaldel	18,9 %	20,3 %	20 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 5 711 0000	Kr. 12 438 000	Kr. 3 964 000
Årsresultat	Kr. - 529 000	Kr. - 640 000	Kr. - 4 105 000

Nøkkeltala syner at selskapet har hatt god likviditet og soliditet, men svak lønnsemd dei siste åra.

3.1.2 Karmsund Havn IKS

Karmsund Havn IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftelsesår	1992		
Formål	<p>Formålet er definert i vedtekten: «Planlegge, utbygge og drive havner, samt å trygge ferdseilen, på vegne av de kommuner som er deltagere, og ivareta disse kommuners oppgaver, rettigheter og forpliktelser i samsvar med den til enhver tid gjeldene havne- og farvannslovgivning, jf. havneloven.»</p> <p>Selskapet vert eigmeld saman med Bokn, Bømlo, Haugesund, Karmøy og Sveio kommune.</p>		
Kommunen sin eigardel	7,69 %		
Tilsette	27		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitaldel	20,9 %	23,7 %	23,7 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 99 558 0000	Kr. 93 687 000	Kr. 79 387 000
Årsresultat	Kr. 12 194 000	Kr. 8 636 000	Kr. 4 462 000

Selskapet har drevet med overskot dei tre siste åra, har god likviditet og lav gjeldsbelastning. Det blei gjennomført eigarskapskontroll og forvalningsrevisjon i selskapet 2018. Den overordna vurderinga var at selskapet Karmsund Havn IKS har eit godt styrings- og kontrollmiljø, og at det er etablert system og rutinar for å sikre at selskapet har ein forsvarlig drift og etterlever sentrale regelverk.

² Eigenkapitaldelen viser del eigenkapital av total kapital i selskapet. Den syner kor stor del av eigendelane i selskapet som er finansiert med eigenkapital, i motsetning til med finansiering via lån. Grad av eigenkapital er eit uttrykk for selskapet sin soliditet.

3.1.3 Haugaland Vekst IKS

Haugaland Vekst IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftelsesår	2004		
Formål	<p>«Selskapets formål er å drive regionalt nærings- og utviklingsarbeid. Selskapet skal bidra til økt samhandling, attraktivitet og verdiskaping i regionen.</p> <p>Selskapet kan også yte andre tjenester til deltakerkommunene, evt. tjenester til andre enn deltakerkommunene, under forutsetning av at slik tjenesteyting ikke endrer selskapets status som "offentlig oppdragsgiver" leverandør av tjenester i "egenregi", slik at lov om offentlige anskaffelser ikke gjelder i forhold til selskapets tjenesteyting til deltakerkommunene. Pr. i dag antas denne forutsetning å innebære at levering av andre tjenester/tjenester til andre enn deltakerkommuner ikke må overstige 20% av selskapets omsetning.»</p> <p>Selskapet vert eigmeld saman med Bokn, Etne, Haugesund, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord kommune samt Rogaland Fylkeskommune.</p>		
Kommunen sin eigardel	9,09 %		
Tilsette	7		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	48,3 %	52,5 %	56,3 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 15 647 0000	Kr. 16 892 000	Kr. 16 512 000
Årsresultat	Kr. 366 000	Kr. 234 000	Kr. 346 000

Selskapet har stabil drift, med god likviditet og lav gjeldsbelastning.

3.1.4 Haugaland interkommunale miljøverk IKS

Haugaland interkommunale miljøverk IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftingsår	1983		
Formål	<p>Formålet går fram av selskapsavtalen: «Utføra kommunane sine oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam, og arbeidsoppgåver som hører naturleg saman med desse oppgåvene. Utarbeida gebyrregulativ for hushaldskundar. Utføra andre oppgåver som kommunane og selskapet vert samde om at selskapet skal utføre. Gje tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskeleg og økonomisk rett. Sökja samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vera eigar eller medeigar i andre selskap. Avgjera i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane eller private næringsdrivande.»</p> <p>Selskapet vert eigmeld saman med Haugesund, Vindafjord, Etne og Bokn kommune.</p>		
Kommunen sin eigardel	17,00 %		
Tilsette	53		
Nøkkeltal	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	22,9 %	21,5 %	21,4 %
Driftsinntekter	Kr. 107 643 000	Kr. 104 998 000	Kr. 109 093 000
Årsresultat	Kr. 59 000	Kr. 1 418 000	Kr. – 1 486 000

Selskapet har god likviditet og lav gjeldsbelastning, men har hatt noko varierande årsresultat dei tre siste åra.

3.1.5 Haugaland kraft AS³

Haugaland kraft AS			
Selskapsform	AS		
Stiftelsesår	1995		
Formål	<p>Formålet går fram av vedtekten: «Eierskap i selskaper som driver produksjon av fornybar energi, sikker og kostnadseffektiv overføring og omsetning av energi, og som tilbyr sikker og kostnadseffektive bredbåndstjenester, samt hva hermed står i forbindelse, herunder å delta i andre foretak som driver tilsvarende virksomhet. Selskapet skal også ivareta av konsern- og hovedkontorfunksjoner.»</p> <p>Selskapet blir eigmeld saman med Karmøy, Haugesund, Vindafjord, og Sveio kommune. I tillegg er Finnås Kraftlag Sa og Skånevik Ølen Krafltag AS eigarar.</p>		
Kommunen sin eigardel	9,80 %		
Tilsette	430		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	75,2 %	74,4 %	65,5 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 2 652 329 000	Kr. 1 583 561 000	Kr. 1 956 932 000
Årsresultat	Kr. 746 194 000	Kr. 273 658 000	Kr. 753 361 000

Nøkkeltala som vert vist her er frå konsernregnskapet til selskapet. Selskapet har god lønnsemd og soliditet. Samstundes har selskapet noko låg likviditet. Det blei gjennomført ein selskapskontroll av eigaroppfølging og drift i selskapet i 2015.

Selskapet har følgande datterselskap, som kontrollutvalet også har innsynsrett i:

- ✓ Haugaland Kraft Nett AS
- ✓ Haugaland Kraft Fiber AS
- ✓ Haugaland Kraft Energi AS

³ I utgangspunktet er ikkje dette selskapet omfatta av selskap som kontrollutvalet har innsynsrett i etter kommuneloven §23-6, då selskapet har fleire eigarar enn kommunale. I Haugaland Kraft AS sine vedtekter går det fram at kontrollutvalet og revisor i kommunar som eig aksjar i selskapet har rett til å føreta undersøkingar i selskapet.

3.1.6 Haugaland Brann og Redning IKS

Haugaland Brann og Redning IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftelsesår	2017		
Formål	<p>Formålet er definert i vedtekten: «<i>Selskapets formål er å dekke alle kommunenes plikter, oppgaver og behov i henhold til brann- og eksplosjonsvernlovens krav til kommunene, herunder: ulykke- og katastrofesituasjoner som brann, redning, drukning og akutt forurensing, nødalarmtjenester 110, feing og tilsyn med fyringsanlegg, arbeide med forebyggende tiltak mot brann og ulykker, søke å selge tjenester knyttet til forebyggende og beredskapsrelaterte tjenester, inngå samarbeidsavtaler med kommuner, andre selskaper og virksomheter. Selskapet kan påta seg andre arbeidsoppgaver eierne og selskapet måtte bli enige om.</i></p> <p>Selskapet blir eid saman med Bokn, Etne, Suldal, Sveio, Tysvær, Haugesund, Utsira og Vindafjord kommune.</p>		
Kommunen sin eigardel	13,78 %		
Tilsette	315		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	1,4 %	83,3 %	N/A
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 3 683 0000	Kr. 5 000 000	N/A
Årsresultat	Kr. - 2 930 000	Kr. 4 156 000	N/A

Selskapet har låg eigenkapitalandel og hadde eit negativt årsresultat i 2018. Haugesund kommune er foreløpig formelt medeigar i selskapet, men dei trakk seg frå samarbeidet før selskapet vart satt i drift.

3.1.7 Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS

Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftelsesår	2002		
Formål	<p>Formålet er definert i vedtekten: «<i>Selskapet skal arbeide for at arkivmaterialet fra deltakerne eller materiale som disse har ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengelig for offentlig bruk, forskning og andre administrative, juridiske og kulturelle formål, i samsvar med arkivloven. Selskapet skal tilby depotplass for deltakerenes arkivmateriale, samt veilede deltakerne slik at de har tilfredsstillende oppbevaringsforhold for arkivmateriale. Selskapet skal være et arkivfaglig rådgivningsorgan og kompetansesenter for deltakerne, og skal i samråd med deltakerne arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtjenester hos dem.</i></p> <p><i>Driften av selskapet skal gå i balanse, det vil si at inntektene fra deltakerne skal dekke selskapets kostander.</i></p> <p><i>Selskapet kan etter nærmere vedtak av styret prise visse tjenester og således ha egne inntekter. Tjenestene som kan prises skal i hovedsak være slike som ikke vil bli gitt til alle deltakerne, eller som deltakerne vil ha ulik etterspørsel etter, eller tjenester som faller utenfor selskapets hovedformål.</i></p> <p><i>Til gjennomføring av spesielle prosjekt utenom selskapets ordinære arbeidsoppgaver, blir det søkt finansiering mellom deltakerne eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført.</i></p> <p><i>Selskapet har anledning til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgiver betaler for tjenesten og det ikke går ut over selskapets hovedoppgaver.</i></p> <p><i>Definisjonen av formål og ansvarsområde er uttømmende. Styret og representantskapet har ikke myndighet til å fatte vedtak på områder som ikke er nevnt ovenfor».</i></p>		
Kommunen sin eigardel	2,68 %		
Tilsette	10		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	21 %	66,1 %	88,3 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 12 213 000	Kr. 9 343 000	Kr. 6 709 000
Årsresultat	Kr. - 150 000	Kr. - 605 000	Kr. 322 000

Selskapet har hatt låg lønnsemeld og hatt negativt resultat dei siste to årene. Soliditeten er god. Det ble gjennomført ein selskapskontroll av selskapet i 2013.

3.1.8 Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftelsesår	2004		
Formål	<p>Formålet er definert i vedtekten: «<i>Formålet med selskapet er å tilby sekretariatstjenester til kontrollutvalgene i deltakerkommunene og nærliggende kommuner. Selskapet skal drives i balanse slik at inntekter fra kommunene dekker kostnadene».</i></p> <p>Selskapet vert eigd saman med Bokn, Etne, Haugesund, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord kommune.</p>		
Kommunen sin eigardel	9,11 %		
Tilsette	2		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	70,3 %	68,1 %	69 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 2 019 0000	Kr. 1 957 000	Kr. 1 864 000
Årsresultat	Kr. 65 000	Kr. 31 000	Kr. 35 000

Selskapet har god likviditet og soliditet, og tilfredsstillende lønnsemd.

3.1.9 Krisesenter Vest IKS

Krisesenter Vest IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftelsesår	2011		
Formål	<p>Formålet er definert i vedtekten: «Selskapet skal, på vegne av eierkommunene, sikre etterlevelse av krisesenterlovas § 2 a), b) og c). Selskapet skal være et rådgivende organ for eierkommunene i etterlevelse av lovens § 2 d). Selskapet har ikke som formål å drive virksomhet som gir utbytte til eierkommune».</p> <p>Selskapet vert eigmeld saman med Bokn, Bømlo, Etne, Fitjar, Haugesund, Kvinnherad, Odda, Sauda, Stord, Suldal, Sveio, Tysnes, Tysvær, Utsira, Ullensvang og Vindafjord kommune.</p>		
Kommunen sin eigardel	5,89 %		
Tilsette	30		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig
Driftsinntekter (hele kr)	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig
Årsresultat	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig

Vi har ikkje tilgjengelig regnskapsdata for selskapet.

3.1.10 Haugaland Arbeidsgiverkontroll

Haugaland Arbeidsgiverkontroll vert overført til staten 1. juni 2020, og vil dermed ikkje vere aktuell for eigarskapskontroll i perioden.

3.1.11 Friluftsrådet Vest

Friluftsrådet Vest			
Selskapsform	Interkommunalt samarbeidsorgan		
Stiftelsesår	1983		
Formål	<p>Formålet er definert i selskapsavtalen: «Rådet sine oppgåver er i samarbeid med medlemskommunane, statlege og fylkes-kommunale etatar og andre interesserte å verke for: a) Sikring, tilrettelegging og drift av område for friluftsliv av ulik art til allment bruk, med tanke på medlemskommunane sin befolkning i ein eller fleire av rådet sine kommunar. b) Større forståing for friluftsområda sin betydning, betre friluftskultur og utbreiing av friluftsliv.»</p> <p>Samarbeidsorganet er dannet saman med kommunane Bokn, Bømlo, Etne, Fitjar, Haugesund, Karmøy, Sauda, Stord, Sveio, Vindafjord og Kvinnherad.</p>		
Kommunen sin eigardel			
Tilsette	31		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	88,5 %	89,2 %	90,1 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 14 587 000	Kr. 13 557 000	Ikkje tilgjengelig
Årsresultat	Kr. 1 560 000	Kr. 606 000	Ikkje tilgjengelig

Medlemskommunane betaler ein årleg medlemskontingent per innbyggjar i kommunen. Friluftsrådet Vest er sjølveigd og eit eige rettssubjekt, og kommunane er ikkje ansvarlige for rådets plikter utover den årlige medlemskontingenoten.

3.2 Andre selskap kor kommunen har eigarinteresser

Tysvær kommune har eigardelar i fleire aksjeselskap, som er eigm̄d av andre eigarar enn kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap.

Selskap	Driftsinntekter (2018)	Årsresultat (2018)	Kommunens eigardel
Tysvær Arena Drift AS	Kr. 1 109 000	Kr. 159 000	97,41 %
Aksdal Næringspark AS	Kr. 26 882 000	Kr. 8 108 000	40,00 %
Aksdal Senter AS	-	Kr. – 14 000	39,11 %
Destinasjon Haugesund og Haugalandet AS	Kr. 7 728 000	Kr. – 80 000	19,79 %
Tysvær Bygdeblad AS	Kr. 5 204 000	Kr. 244 000	7,25 %
HIL-hallen AS	Kr. 1 150 000	Kr. 575 000	5,00 %
Storhall Karmøy AS	Kr. 6 172 000	Kr. 218 000	5,00 %
Norsk Bane AS	Kr. 1 924 000	Kr. – 69 000	0,20 %
Fjord Norge AS	Kr. 41 885 000	Kr. 8 000	0,12 %
AS Haugaland Industri	Kr. 31 692 000	Kr. – 656 000	5,14 %
Haugalandmuseet AS	Kr. 14 654 000	Kr. – 93 000	12,00%
Musikkeselskapet Nordvegen AS	Kr. 5 164 000	Kr. – 94 000	16,00 %
E134 Haukelivegen AS	Kr. 1 214 000	Kr. – 195 000	2,22 %
A/L Biblioteksentralen	Kr. 125 324 000	Kr. – 7 127 000	

4. Risiko- og vesentlegvurdering

- av kommunen si verksemd

I dette kapitelet presenterer vi identifiserte område/hendingar som er vurdert som er særleg relevante for forvalningsrevisjon. Det vil sei områder kor det er identifisert risikoar for mangefull verksemd og tenestetilbod. Områda som vert presentert er vurderte som vesentlege, ved at det er særleg viktige/sentrale område for kommunen. Risikoane er gruppert i hovudfolkane; operative risikoar, strategiske risikoar og regulatoriske risikoar⁴.

4.1 Operativ risiko

4.1.1 Reduksjon i framtidig inntektsgrunnlag og omstillingsevne

Tysvær kommune har eigedomsskattelinntekter som betyr at kommunen har inntekter godt over gjennomsnittet av andre norske kommunar. Eigedomsskattelinntektene utgjer omtrent 20 % av kommunen sitt sentrale inntektsgrunnlag, og har ført til at kommunen sine driftsutgifter til tenestane ligg godt over landsgjennomsnittet. Dette gjer at Tysvær er i ein sårbar situasjon, ettersom det er eit særleg press i høve lovgjevinga rundt eigedomsskattelinntektene. Dersom det vert endringar i eigedomsskattelinntektene er det ein risiko for at Tysvær kommune kan få ein betydelig reduksjon i sine inntekter. Kommunen har samstundes bygd opp eit utgiftsnivå som er tilpassa dagens inntekter. Dette betyr at kommunen lev under risikoen for at dei på relativt kort tid kan få ein kraftig reduksjon i inntektene, vidare at kommunen si drift ikkje er tilpassa det nye inntektsnivået.

Det var gjennomført ein forvalningsrevisjon i 2017 som vurderte korleis kommunen arbeider med å identifisere, handsame og gjere tiltak for å rigge sin økonomi når økonomiske føresetnadar som inntektsgrunnlaget vert endra. Forvalningsrevisjonen tilrådde kommunen å etablere større systematikk i gjennomføringa av innsparingsvedtaket, gjennom oppfølging og evaluering av innsparingstiltaka, kostnads- og konsekvensanalyser for tenestane og at tiltaka vert evaluert i høve effekt. I rådmannen si oppfølging av forvalningsrevisjonsrapporten går det fram at ein har fokus på dette i det vidare arbeidet med innsparingstiltaka.

Ved meir usikre, økonomiske utsikter vil det vere viktig at kommunen sikrar tett og føreseieleg oppfølging av økonomien. Både i høve forbruk, men også at kommunen har gode system for å sikre at dei får inn inntektene dei har krav på. Tradisjonelt i offentleg forvaltning er det gjerne betre oppfølging av kostnadane, enn inntektene. Vidare synte ein forvalningsrevisjonsrapport som vart gjennomført innanfor investeringar i kommunen i 2018 at ein i case-prosjekta ikkje hadde oppdatert og utgreia drifts- og vedlikehaldskostnadane i dei aktuelle prosjekta. Dette er kostnadar som påverkar driftsøkonomien på lengre sikt, og kan soleis utgjere ein risiko for at forventa framtidige driftskostnadar vert for lågt estimert.

Vår vurdering er at Tysvær kommune er sårbar for endringar i inntektsgrunnlaget og at konsekvensen av ei slik endring vil vere alvorleg for kommunen sin økonomi, og derav også tenestene. Samstundes er dette eit fokusområde i kommunen, og det er verksett fleire tiltak. Dermed er nettorisikoen vurdert til å vere middels.

⁴ Risikoar kan vere tilhøyrande fleire bolkar.

4.1.2 IKT-systema understøtter ikkje verksemda sine behov

Basert på våre dokumentanalyser er det moglege manglar i heilskapen i kommunen sitt IKT-arbeid. Førre overordna IKT-plan var gjeldande for 2005-2008. Samstundes er det etablert sektorvise planar for ulike sektorar. Det går fram av gjeldande IKT-plan for Tysværskulen at det er ein risiko for at ansvaret for IKT-verktøy er basert på eldsjeler og tilfeldigheiter. Det vart også nemnd i arbeidsmøte at ein har IKT system som ikkje snakkar saman og understøttar kvarandre. Dette fører potensielt til lite effektiv resursutnytting og dobbelarbeid.

I kommunane er det eit fokus på å implementere digitale IKT-løysingar som kan effektivisere tenestane. I Tysvær er dette relevant i høve dei utfordringane kommunen står ovanfor med tanke på risiko for tap av framtidige inntekter, eit høgt kostnadsnivå og ein aukande del eldre som treng omsorg frå kommunen.

Det er ein risiko for at innføringa av ny teknologi ikkje understøttar tenestane i tilstrekkeleg grad og at ein ikkje har tilstrekkelig kompetanse og system til å drifta verktøya. Dette kan både føre til at dei ikkje vert nytta i samsvar med intensjon, men og at ein er sårbare i høve drifta av verktøya. Konsekvensen kan vere lite effektiv resursutnytting og sårbare tenester. Det er også ein risiko for at ein innfører verktøy som ikkje svarar til behov, og at investering i systema ikkje gjev meirnytte for kommunen.

4.1.3 Elevane - opplæring og skulemiljø

I eit av arbeidsmøta vart det uttrykt at ein ynskte meir informasjon om korleis dei ulike skulane i kommunen fungerer og om dei har føresetnader for å gje elevane god opplæring og gode skulemiljø. Tysvær har til saman ni barne- og ungdomsskular i kommunen. Dei er spreitt over eit større geografisk område og dei varierer i størrelse. Fagmiljøa er mindre på dei små skulane, og det er ei hypotese at det er meir krevjande å rekruttere til mindre skular i distrikta. Ved mindre fagmiljø vil ein også vere meir sårbare for fråvær. Potensielle utfordringar knytt til fagmiljø kan også påverke kvaliteten til opplæringa av elevane, til dømes at skulane har tilstrekkelig kompetanse til å ha lærarar med riktig kompetanse i alle fag. Våren 2020 er ny skulebruksplan i Tysvær kommune til handsaming.

Det er ein risiko for at elevane får ulik kvalitet på opplæringa og skulemiljøet, avhengig av kva skule dei går på.

4.1.4 Beredskap; hendingar og katastrofar

I arbeidsmøte med kommunen var det uttrykt at Tysvær er ein sårbart kommune i høve beredskap. Kommunen sin geografi gjer at det kan vere krevjande å sikre tilstrekkelig beredskap i alle deler av kommunen. Til dømes er det eit krav at brannpersonell skal vere busett fem minutt frå aktuell brannstasjon, noko som kan gjere rekrutteringa krevjande. I arbeidsmøte vart det også sett spørsmål ved om kommunen har tilstrekkelig beredskap knytt til dei mindre hendingane. Vidare er det ein risiko for at kommunen sin digitale beredskap ikkje er tilstrekkelig.

Konsekvensen av ei katastrofe kan vere særstaka alvorleg, og vi har derfor vurdert denne risikoen som høg.

4.1.5 Morgondagens omsorgstenester

Tysvær kommune sine prognosar tilseier at dei framover vil få ein sterkt auke eldre i kommunen. I kommunen sin strategi for morgondagens helse- og omsorgstenester er det fokus på at ein større del av dei eldre skal få heimebaserte tenester – i staden for på institusjon. I arbeidsmøte vart det stilt spørsmål ved om kommunen har gode strategiar, system og internkontroll for å ta vare på dei som er heime, og risikoen knytt til einsemd. Dette vart spesielt nemnd i høve dei som ikkje har familiære nettverk.

Ein annan viktig tematikk innanfor morgondagens omsorgstenester er samspelet mellom den kommunale omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta. Dei kommunale omsorgstenestene er i drift 24 timer i døgnet, medan andre sentrale instansar i kommunen, som tildelingskontoret og hjelpemiddelsentralen, har si drift innanfor normal arbeidstid. Det er risiko knytt til overgangane mellom dei ulike forvaltningsnivåa og at pasientane vert tilstrekkelig i varetatt. I ein forvaltningsrevisjon gjennomført i Tysvær kommune i 2019 vart det vurdert at roller og ansvar i høve å ivareta samarbeidsavtalar med Helse Fonna HF om utskrivingsklare pasientar verka avklart. Samstundes vurderte revisjonen at krava til dokumentasjon ved pasientmottak frå spesialisthelsetenesta vart i varierande grad tatt i vare og at kommunen fekk sjeldan oppdatert informasjon om innlagte pasientar i spesialisthelsetenesta. Det gjekk også fram at det var ein risiko for at avvik på samarbeidsavtalen med Helse Fonna HF vart underrapportert.

Innanfor morgondagens omsorgstenester vil velferdsteknologi og personvern også kunne vere sentrale tema. I forvaltningsrevisjonen frå 2019 gjekk det fram at kommunen hadde gode erfaringar med bruk av velferdsteknologi, men at teknologien var sårbar og krevjande, samstundes som det var vanskeleg å få tak i den teknologien ein treng.

4.1.6 Barnevernet

Det har vore mange medieoppslag knytt til barnevernet i Tysvær dei siste åra, dette er spesielt som følgje av ein sak som har fått mykje merksemd. Som følgje av denne saka tok Tysvær kommune sjølv initiativ til at eit ekspertutval skulle gå gjennom barnevernet i kommunen og deira internkontroll. Ekspertutvalet konkluderte blant anna med at det var mangelfulle system og rutinar knytt til barnevernsarbeidet. Dette utgjer ein risiko for manglar ved tenestetilbodet til brukarane. Barnevernet var identifisert som eit relevant, prioritert område for forvaltningsrevisjon i førre plan, men det vart ikkje gjennomført noko prosjekt på det i perioden.

4.2 Regulatorisk risiko

4.2.1 Personvern og informasjonssikkerheit

Digitaliseringa gjer at kommunane i større grad må ha kompetanse og innsikt til å forvalte personvern og informasjonstryggleik. Dette gjeld også på leiarnivå.

I kommunal verksemd har personvern ein høg, ibuande risiko, då kommunen handterer ei rekke sensitive personopplysningar om innbyggjarar og tilsette. Dette stiller krav til at kommunen har eit system som tek i vare personvernreglementet, som dei tilsette er kjend med og som dei etterlev. Kommunen må vidare ha kompetanse til å implementere løysingar som tek i vare informasjonssikkerheita. Regelverket stiller strenge krav til kommunane i høve personvern og informasjonssikkerheit. Samstundes har ein i seinare tid sett eksempel på saker i media som viser at enkelte kommunar ikkje er gode nok til å handtere sensitive opplysningar.

Informasjonssikkerheit var eit prioritert prosjekt i førre plan for forvaltningsrevisjon. Det vart ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon på temaet i perioden.

Denne risikoen er i høve sannsyn og konsekvens vurdert til å vere høg. Konsekvensen av mangefull handsaming av personvern og informasjonssikkerheit er alvorleg.

4.2.2 Samspelet mellom tilsette, administrasjon og folkevalde

Administrasjonen og dei folkevalde har ulike roller og ansvar i ein kommune og det føreligg ein risiko for at ein ikkje alltid etterlev dei ulike rollene og ansvaret. Tysvær kommune er ein liten kommune, som gjer at vegen mellom innbyggjarar, tilsette og politikarar kan vere kort. Dette kan vere eit utfordring, og det kan føre til at både folkevalde og tilsette kan oppleve press frå innbyggjarar i høve deira beslutningsmynde som kan vere krevjande å handtere for den enkelte. I ein forvaltningsrevisjon gjennomført våren 2020, er det kome fram eksempel på at innbyggjarane går direkte til overordna mynde, istadenfor til forvaltningsorganet.

4.2.3 Kontraktsoppfølging

I prosessen er det kome innspel på at Tysvær kommune har utfordringar i høve kontraktsoppfølging, irekna manglande fordeling av roller, ansvar og fullmakter.

Kontraktsoppfølging er sentralt for å sikre tenester og leveransar i riktig omfang og til rett pris. Det er ein risiko for at kontraktsoppfølging i Tysvær kommune ikkje vert prioritert i stilstrekkelig grad. Manglande kontraktsoppfølging kan føre til brot på anskaffingsregleverket. Det er også økonomisk risiko knytt til manglande kontraktsoppfølging, ved at kommunen ikkje sikrar seg at dei betaler riktige priser, i samsvar med kontrakt. Ved at kontraktane ikkje vert følgje opp, kan kommunen også glipp av inntekter i form av bøtelegging ved kontraktbrot frå leverandøren si side.

I høve sannsyn og konsekvens er denne risikoen vurdert til å vere høg, ettersom sannsynet er relativt høgt medan konsekvensen er vurdert til å vere middels.

4.3 Strategisk risiko

4.3.1 Mangefull måloppnåing knytt til miljø

I samfunnet er det eit auka fokus på miljø og berekraftige verksemder. Det går fram av kommunen sine planar at Tysvær har som mål å jobbe heilskapleg og målretta for å redusere klimagassutslepp og ressursbruk i alle delar av Tysværsamfunnet, og har som ambisjon om å ta i bruk miljøvennlige energi- og transportløysingar. Samstundes har kommunen i liten grad hatt fokus på klima og miljø fram til no. I følgje Statistisk sentralbyrå (SSB) sine data har kommunen noko høgare energiutgifter og -kostnader per kvadratmeter enn landet utan Oslo og Rogaland. Kommunen har også lågare del energi som kjem frå fornybare kjelder og høgare utslepp av CO₂ knytt til energibruk enn gjennomsnittet i landet utan Oslo, Rogaland og KOSTRA grupper⁵. Manglande fokus på klima- og miljøutfordringar vil kunne utgjere ein omdørmerisiko for kommunen.

4.3.2 Manglande kompetanse

Tenestebehov og ivaretaking av behovet endrar krav til både kompetanse og samansettinga av denne. I arbeidsmøta vart det tydeleg at Tysvær kommune, i likskap med andre kommunar, opplever fleire utfordringar knytt til kompetanse og rekruttering, både på noverande tidspunkt, og framover. Dette gjeld både å sikre rett kompetanse, men også i høve å ha tilstrekkelig med kapasitet / kompetente medarbeidarar til å sikre at kommunen kan levere sine tenester.

Innanfor helse og mestring opplever ein spesielt eit aukande krav til kompetanse ved at ein får overført fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta. Samstundes har denne sektoren døgnkontinuerlig drift, som fører til at ein gjerne har deltidsstillingar for å få drifta til å gå opp. Deltidsstillingar er også

⁵ KOSTRA-gruppe er Statistisk sentralbyrå (SSB) sin standard for kommuneinndeling, basert på fleire indikatorar. Formålet med å dele kommunane inn i KOSTRA-grupper er å kunne samanlikne nøkkeltalet på tvers av samanliknbarer kommunar. Tysvær kommune høyrer til KOSTRA-gruppe 12.

ein utfording innanfor andre område enn helse og omsorg. Det er også kome innspel på at kommunen har eit forbettingspotensial med tanke på samhandling internt i kommunen for å sikre effektiv utnytting av ressursane.

Det vart også nemnt i arbeidsmøte at kommunen har ei rekke eldre lærarar som nærmar seg pensjonsalder, og at ein soleis vil ha eit sterkt kompetansebehov også i denne sektoren.

I høve kompetanse og rekruttering ser også kommunen det som ei potensiell utfroding at dei har relativt små fagmiljø og at det kan vere krevjande å få rekruttert til desse fagmiljø. Til dømes manglar kommunen kompetanse innan bygningsvern.

Tysvær er i sterk konkurranse med dei omliggande kommunane i høve å sikre seg riktig kompetanse.

Endringar i samfunnet fører også til at ein må ha ein meir endringsdyktig arbeidsstyrke enn tidlegare. Dette betyr at kommunen i større grad må verte betre på å skulere og omskulere sine tilsette. Det vert også nemnt i arbeidsmøte at kommunen må verte betre på dialogen med utdanningsmarknaden i høve å signalisere kva kompetanse dei har behov for framover.

Manglande kompetanse vil kunne føre til at kommunen ikkje får ytt tenestar til sine innbyggjarar i tilstrekkeleg grad.

I høve denne risikoen er både sannsyn og konsekvens vurdert til å vere høg.

4.3.3 Hensiktsmessig målstyring

Kommunen gjennomfører endringar, prosjekt og strategiar fortløpende. Ein har i liten grad systematisert vurdering av effektar av tiltaka som vert sett i verk. Til dømes snakkar ein mykje om effektar i forkant av omorganiseringar, endringar i infrastruktur eller ved innføringa av ny teknologi. Samstundes har ein liten systematikk i å følgje opp korvidt desse tiltaka gjev effekt i samsvar med intension. Dette medfører ein risiko for at ein vidarefører ikkje-treffande tiltak.

4.4 Forvaltningsrevisjon i selskap

I dette kapitelet presenterer vi dei selskapa som er vurdert som særleg interessante i høve forvaltningsrevisjon. Vurderinga er også her basert på risiko og vesentlegheit.

4.4.1 Haugaland interkommunale miljøverk IKS

Haugaland interkommunale miljøverk gjennomfører ein viktig del av kommunen sine oppgåver. Dette selskapet kan vere relevant for forvaltningsrevisjon ettersom det vil vere ein ibuande risiko for ulovleg kryss-subsidierig mellom den lovpålagnede delen og næringsdelen av verksemda grunna selskapet sin type organisering. Selskapet utfører ein viktig samfunnsfunksjon på vegne av kommunen og det vil vere ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i eigne selskap versus som er i kommunal drift.

4.4.2 Haugaland Brann IKS

Haugaland Brann har vore i drift sidan 2018, nøkkeltala til selskapet viser eit negativt årsresultat i 2018. Selskapet tek i vare ein viktig del av kommunen sine oppgåver ved at dei har ansvar for å løyse oppgåver og plikter etter brannvernloven. Det vil vere ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i eigne selskap versus som er i kommunal drift.

4.4.3 Krisesenter Vest IKS

Krisesenter Vest IKS tek i vare kommunen sine oppgåver i høve å gje innbyggjarane eit krisesentertilbod og har soleis eit viktig samfunnsansvar. Det er mange kommunar som er eigrarar i selskapet, noko som kan utgjere ein risiko for at oppfølginga med selskapet er fragmentert.

5. Risiko- og vesentlegvurdering

- av kommunen sitt eigarskap

I dette kapitelet presenterer vi identifiserte område og selskap som er vurdert som særleg relevante for eigarskapskontroll. Dette er primært områder/selskap kor det er identifisert risiko for mangefull eigarstyring frå kommunen, eller kor eigarskapet i seg sjølv kan utgjere ein risiko.

Den siste eigarskapsmeldinga frå Tysvær kommune vart vedteken i 2016. Kommunen har som mål å behandla eigarskapsmeldinga minst ein gong i valperioden. I følgje Tysvær kommune si eigarskapsmelding tek kommunen utgangspunkt i KS sine tilrådingar for eigarstyring i høve kva prinsipp, reglar og rutinar som gjeld for Tysvær kommune sin eigarskapspolitikk.

Nedanfor vert det presentert område/risikoar og selskap som er vurdert som særleg relevante for eigarskapskontroll.

5.1 Generell eigarstyring

Selskapskontrollen som vart gjennomført av Karmsund Hamn IKS i 2018 synte at kommunen på enkelte punkt ikkje følgde eigne prinsipp i høve styringa av selskapet. Tysvær kommune informerte mellom anna om at det ikkje er etablert ein fast rutine for å legge til rette for kommuneintern dialog i forkant av møter i representantskap. Det blei vist til kommunen si eigarskapsmelding om at dette var ein rutine som dei skulle få på plass. Det at kommunen sin praksis ikkje samstemte med etablerte rutinar, gjer at det kan vere ein risiko for at kommunen si eigarstyring ikkje er tilstrekkelig for å sikre god kontroll med verksemda som er sett ut i eigne selskap.

5.2 Selskap identifisert for eigarskapskontroll

5.2.1 Haugaland Kraft AS

I følgje Tysvær kommune si eigarskapsmelding er formålet med eigarskapet i Haugaland Kraft AS langsiktig og finansielt, med målsetting om avkastning på investert kapital. Formålet med eigarskapet tilseier at kommunen bør ha ei løpende oppfølging av selskapet.

5.2.2 Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS

Haugaland interkommunale miljøverk IKS (HIM) utfører ein viktig del av kommunen sine oppgåver. I følgje Tysvær kommune er eigarskapet regional- og miljøpolitiske motivert, samstundes som ein søker å oppnå stordriftsfordelar gjennom samarbeidet.

5.2.3 Haugaland Vekst IKS

Haugaland Vekst IKS var blant utvalde selskap for kontroll i førre plan for selskapskontroll, men kontroll har ikkje vore utført hittil. Selskapet fekk endra fokusområde frå 2019, kor selskapet skal

arbeide meir regionalt enn tidligare. Samstundes som kommunen har ein næringssjef som gjennomfører communal næringsplanlegging og utgreiing. Selskapet har ein viktig samfunnsfunksjon i høve å driva felles nærings- og regionalutviklingsarbeid for eigarkommunane. Manglande oppfølging av eigarinteressene i selskapet kan potensielt påverke korleis kommunen sine interesser i høve næringsområdet på regionalt nivå vert utøvd.

5.2.4 Friluftsrådet Vest

I arbeidsmøte med administrasjonen gjekk det fram at dei opplevde å ha liten informasjon om samarbeidsorganet Friluftsrådet Vest. Det er ein risiko for at kommunen har hatt manglande oppfølging av samarbeidsorganet.

Vedlegg 1 Framgangsmåte og involvering

Teoretisk fundament

Det går fram av kommuneloven § 23-3 og § 23-4 at plan for forvaltningsrevision og eigarskapskontroll skal bygge på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap og kommunen sitt eigarskap.

I arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga har KPMG vektlagt risiko for avvik med vesentlege sider ved verksemda og tenestene til Tysvær kommune, og kor alvorlege konsekvensar desse avvika kan få. Omgrepa er av KPMG definert slik:

Risiko – handlar om å identifisere kor sannsynleg det er for at den kommunale verksemda ikkje vert utøvd på den måten den skal bli utøvd. Med andre ord risiko for mangelfull verksemd og tenestetilbod. Måten verksemda skal utførast på, er mellom anna styrt av:

- ✓ Lovverk og andre reguleringar
- ✓ Formål, vedtak og målsettingar
- ✓ Planverk og strategiar
- ✓ Organisering
- ✓ Budsjett

Vesentlegheit – handlar om å identifisere dei viktige/sentrale områda for kommunen og er særleg knytt til vurderinga av betydinga for kommunen av konsekvensane dersom ein gitt risiko inntreff. Viktige kriterie for vesentlegheit er mellom anna:

- ✓ Liv og helse
- ✓ Sikring av verdiar
- ✓ Brukarperspektivet – rettigheter og oppfylling og kvalitet
- ✓ Kostnadseffektivitet
- ✓ Folkestyret
- ✓ Område med politisk aktualitet
- ✓ Kommunen sin eigardel i selskap
- ✓ Formål med selskapa kommunen har eigarskap i
- ✓ Om selskapa kommunen har eigarskap i primært er retta inn mot å løyse oppgåver i kommunen/kommunale oppgåver

Risiko- og vesentlegvurderinga er fundamentet for dei områda kontrollutvalet og kommunestyret skal prioritere for forvaltningsrevision. Derfor har det vore særstakt viktig å identifisere område som har ein ibuande høg risiko, vesentleg grad av uønskte konsekvensar dersom risiko inntreff, og som det potensielt vil vere nyttig å gjennomføre revisjon på, sett frå ein politisk ståstad, frå administrasjonen sin ståstad og ut i frå eit brukarperspektiv. Dette inneber at vi i arbeidet har tatt høgde for område kor revisjon kan ha verdi for kommunen i eit forbetnings- og læringsaugemed og kor revisjon kan ha


førebyggande karakter. Det vil sei at eit revisjonsprosjekt ikkje berre ser tilbake på kva som har skjedd, men at ein kan gå inn på pågående prosjekt og prosessar kor revisjonen kan vere grunnlag for korrigerande grep.

Skjematiskt vil val av forvaltningsrevisionar bli eit resultat av vurderingar knytt til vesentlegheit og risiko som truar verksemda og tenestetilbodet - vurderingar som "silar" ut prosjekt i fire overordna steg. Dette kan illustrerast slik⁶:



Figur 1: Val av prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Analysen av identifiserte område og risiko er kategorisert i følgjande matrise:



Figur 2: Val av prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Prosess

Vi har gjennomført ein prosess som har inkludert samspel med ulike deler av kommunen; administrasjon, hovudverneombod og politikarar frå høvesvis kontrollutval og kommunestyre. I tillegg har vi sendt ut ein kort spørjeundersøking til seksjonsleiarane i kommunen.

Arbeidet har vore delt i tre hovudbolkar:

1. Kartlegge og forstå kommunen
2. Arbeidsmøte med kommunen for å etablere og verifikasi mulege område for forvaltningsrevisjon
3. Dokumentere analysen

Følgjande teknikkar har vore brukt for å samle inn data:

⁶ Dei to siste områda blir teken i vare av kontrollutvalet og kommunestyret.

✓ Dokumentanalyse

KPMG har innhenta og gjennomgått dokumentasjon frå kommunen, blant anna årsmelding, kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett, samt tidligare revisjonar og tilsyn og KOSTRA-statistikk.

✓ Arbeidsmøte for å identifisere vesentlege risikoar

KPMG har fasilitert to arbeidsmøte for å identifisere vesentlege risikoar. Eit arbeidsmøte med kontrollutvalet, politiske utvalseleiarar og ordførar. Vidare har vi hatt eit arbeidsmøte med rådmannsgruppa og hovudverneombod.

✓ Spørjeundersøking

Einingsleiarane i kommunen har blitt invitert til å gjennomføre ei kort spørjeundersøking.

✓ Arbeidsmøte for å vurdere dei identifiserte risikoane og prioritere prosjekt til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll



Kontakt oss

Eirik Braut

Director

T +47 95 23 87 59

E eirik.braut@kpmg.no

Bjørg Rabbe Sandven

Manager

T +47 99 39 65 83

E bjorg.sandven@kpmg.no

kpmg.no